

Samtykkeskjema for føresette

## Influensavaksinering av born og ungdom under 16 år

Influensa er en vanleg infeksjonssjukdom blant born. De aller fleste born vil tola influensa, men infeksjonen kan føre til blant annet alvorleg lungebetennelse og forverring av underliggende sjukdom. Ved alvorleg influensasjukdom eller komplikasjonar er sjukehusinnlegging naudsynt. Som for vaksne, så har born med nokre sjukdomar noko høgare risiko for å bli alvorleg sjuk av influensa. Dette gjeld og for tidleg fødde born i deira første leveår. Desse risikogrubbene anbefalast årleg influensavaksine. For born omfattar dette:

- Kronisk hjarte- eller lungesjukdom (inkludert astma)
- Kronisk nevrologisk sjukdom eller skade (til dømes epilepsi)
- Nedsett immunforsvar som følge av sjukdom eller behandling
- Lever- eller nyresvikt
- Diabetes (spesielt ved dårleg regulert blodsukkernivå)
- Svært alvorleg fedme
- Annan alvorleg/kronisk sjukdom der influensa utgjør ein alvorleg helseisiko, etter individuell vurdering av lege
- For tidleg fødde born, særskilt born født før veke 32 i svangerskapet, frå 6 månadar (kronologisk alder) opp til 5 år.

### Influensavaksinar til born

Influensavaksine er det beste tiltaket for å førebyggje influensa. Vaksinen setjast årleg fordi influensavirusa stadig utviklar seg, og fordi vaksinen har avgrensa varigheit. Influensavaksinane er godt utprøvd, og har vore i bruk i mange år. Vaksine gir svært sjeldan alvorlege biverknadar. Biverknadane består i hovudsak av lokale reaksjonar eller kortvarig sjukdomskjensle. Det finnes i dag to typar influensavaksine godkjent for born i Noreg, inaktivert injeksjonsvaksine (sprøyte) og levande, svekka nesepprayvaksine (Fluenz Tetra).

Inaktivert injeksjonsvaksine	Levende svekka nesepprayvaksine
Godkjent frå 6 månadar. Kontraindikasjonar omfattar alvorleg reaksjon på tidlegare dose av same vaksine, alvorlege straksallergiske reaksjonar mot egg, kjent allergi mot andre innhaldsstoff i vaksinen, akutt infeksjon med feber over 38 °C.	Godkjent for 2-17 år. Kontraindikasjonar omfattar alvorleg astma eller aktive pustevanskar, bruk av acetylsalisylsyrepreparat, ubehandla craniofaciale misdanningar, klinisk immunsvikt, alvorleg allergi mot innhaldsstoffa i vaksine, akutt infeksjon med feber over 38 °C.

For born 6 månadar til 9 år som ikkje har hatt influensa eller har fått influensavaksine tidlegare, er det anbefalt med to dosar influensavaksine med minst 4 vekers intervall. Du kan lese meir om vaksine på [fhi.no/influensavaksine](http://fhi.no/influensavaksine).

### Før vaksinasjon

Vaksinering er valfritt. Dei som ikkje har fylt 16 år, må ha samtykke frå føresette til vaksinering. Ved felles foreldreansvar må begge samtykke. Også born under 16 år har rett til å få informasjon og skal lyttast til ut frå kor gamle og modne dei er. Gje beskjed om barnet tidlegare har hatt ein alvorleg allergisk reaksjon.

Riv her

Barnets namn: \_\_\_\_\_ Fødselsdato: \_\_\_\_\_

Eg/vi ønskjer at barnet mitt/vårt skal vaksinerast mot influensa:                      Ja                      Nei

Føresette med foreldreansvar:                      Foresatt 1: \_\_\_\_\_                      Foresatt 2: \_\_\_\_\_

Føresett 1: Fullt namn (skriv tydeleg): \_\_\_\_\_

Føresett 1: underskrift: \_\_\_\_\_                      Telefonnummer: \_\_\_\_\_

Føresett 2: Fullt namn (skriv tydelig): \_\_\_\_\_

Føresett 2: underskrift: \_\_\_\_\_                      Telefonnummer: \_\_\_\_\_

Evt informasjon om barnet til vaksinatør: